

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

Kontrollutvalet i Vik kommune

Møtebok

Møtedato: 15.06.2022

Møtetid: Kl. 13.00 - 14.45

Møtestad: Kommunehuset, møterom Vikjao

Saksnr.: 09/22 - 10/22

Følgjande medlem møtte	Parti
Ronny Holen	SP
Marta Finden Halset	AP
Bjarne Larsen	AP
Björg Hønsi Aafedt	SP
Ragnvald Grov Sørdal	H

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti

Andre møtedeltakarar	Rolle	
Øistein Edmund Søvik	Rådmann	Sak 10
Jarle Christensen	Skulefagleg ansvarleg	Sak 10
Britt-Marit Stadheim	Rådgjevar Oppvekst	Sak 10

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte

Møteleiar:	Ronny Holen
Frå sekretariatet møtte:	Krstine Lie, PwC
Frå revisjonen møtte:	
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	
Merknader:	

Underskrifter:

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

SAKLISTE

9/2022 Godkjenning av møtebok
10/2022 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sak 9/2022 Godkjenning av møtebok

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Kristine Lie	15.06.2022	9/2022

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteboka frå møtet 12.05.22 vert godkjent.

15.06.2022 KONTROLLUTVALET

Sak 09/2022 Vedtak

Møteboka frå møtet 12.05.2022 vert godkjent.

Samrøystes.

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

Sak 10/2022 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Kristine Lie	Møtedato 15.06.2022	Saknr 10/2022
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Orienteringar, skriv og meldingar vert tekne til vitande.

VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	Juni 2022	Vik kommune	a) Rapport om finansforvaltning pr. 1. tertial 2022 - saksframlegg b) Finansrapport 1. tertial 2022
2	30.04.2022	Vik kommune	a) Budsjett 2022 - revidert pr. 1. tertial - saksframlegg b) Budsjett 2022 - revidert pr. 1. tertial 2022
3	03.06.2022	Vik kommune	Investeringsbudsjett 2022 - revidert pr. 1. tertial
4	05.05.2022	Vik kommune	a) Utviklingsmelding skular og barnehage 2021 - saksframlegg b) Utviklingsmelding 2022
5	06.04.2022	Kommunal- og distriktsdepartementet	§ 23-a: Kontrollutvalgets stilling ved varsel
6	2022	NKRF	a) Veileder for kontrollutvalgets påseansvar - høringsbrev b) Veileder for kontrollutvalgets påseansvar - forslag
7	2022	Forum for kontroll og tilsyn	Veileder for håndtering av henvendelser til kontrollutvalget - forslag
8	27.05.2022	Sogn og Fjordane Holding AS	a) Innkalling til generalforsamling b) Orientering frå styret for 2021 c) Årsrekneskap 2021

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

16.06.2021 KONTROLLUTVALET

Orienteringar

Skulefagleg ansvarleg Jarle Christensen orienterte om Utviklingsmeldinga for skule og barnehage 2021, herunder:

- Utvikling i elevtal. Elevtalet har ein nedgang på 9 elevar samanlikna med året før, og har gått ned med 34 elevar sidan skuleåret 2019/2020. Prognosane syner at tala vil halde fram med å synke.
- Kompetansenivå blant lærarar. Lærarstillingane er hovudsakleg dekkja med personale som har utdanning etter gjeldande krav.
- Funn Elevundersøkinga. Ein er ikkje nøgde med funn frå Elevundersøkinga. Trass i at skulane i Vik kommune arbeider godt og systematisk med skulemiljøet, syner elevundersøkinga at elevar vert mobba eller trakasserte. Skulefagleg ansvarleg understreka at null mobbing er målet, og at skulane må følgje opp funn i Elevundersøkinga med tiltak.
- Nasjonale prøvar. Elevane presterer godt på nasjonale prøvar i alle fag, og over snittet både for landet, fylket og KOSTRA-gruppa i både lesing, matematikk og engelsk.
- Gjennomføringsgrad i vidaregåande skule. Tala syner svært god gjennomføringsgrad samanlikna med resten av landet.
- Hovudutfordringar i tida framover.

Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål.

Rådmannen orienterte om økonomisk status i kommunen, og presenterte revidert budsjett pr.

1. tertial 2022. Det vart særleg retta fokus mot:

- Driftsmessige utfordringar som følgje av korona
- Endring av prognosen for skatt og rammetilskot etter framlegg til revidert nasjonalbudsjett for 2022.
- Busetting av flyktningar, særleg som følgje av krigen i Ukraina.
- Betydeleg auke i kraftprisane så langt i 2022.
- Rekrutteringsutfordringar innan pleie og omsorg

Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål.

Drøfingssaker:

Kontrollutvalet drøfta deltaking på Kontrollutvalsdagen på Skei 29. september, og vart samde om at sekretariatet melder på alle medlemar av kontrollutvalet som har høve til å delta.

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

Sak 10/2022 Vedtak

Kontrollutvalet tek drøftingssaker, skriv og meldingar til vitande.

Kontrollutvalet ber sekretariatet om å melde på alle medlemar som har høve til å delta på kontrollutvalsdagen på Skei 29. september.

Samrøystes.
